

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 10.03.2016
SAKSHANDSAMAR: Lars-Johan Frøyland
SAKA GJELD: **Orientering om Helse Vest Innkjøp HF**

ARKIVSAK: 2016/2675
STYRESAK: **049/16**

STYREMØTE: **05.04. 2016**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek saka til orientering.

Oppsummering

Denne saka gjer greie for arbeidet med å etablere og starte opp Helse Vest Innkjøp HF. Vidare gir saka status i arbeidet med å få gode samarbeidsflater mellom Helse Vest Innkjøp HF og helseføretaka, samt arbeidet med å etablere robuste interne arbeidsprosessar for Helse Vest Innkjøp HF.

Det operative fokuset i føretaket er retta mot lukking av avvika som er peikt på i rapport frå internrevisjonen. Ein vil i løpet av hausten 2016 komme tilbake til styret med ei meir utfyllande sak om status på arbeidet med å lukke avvika frå internrevisjonsrapporten.

Fakta

Helse Vest Innkjøp HF blei stifta 7. april 2015 i styresak 38/15, og medarbeidarane frå alle innkjøpsavdelingane i helseføretaka, blei overført til Helse Vest Innkjøp HF den 1. november 2015. Verken helseføretaka eller Helse Vest IKT AS har etter dette eigne innkjøpsavdelingar, alle innkjøpsressursane i regionen er samla hos Helse Vest Innkjøp HF.

Helse Vest Innkjøp HF skal levere innkjøpsfaglege tenester til helseføretaka i Helse Vest og til Helse Vest IKT AS. For å avklare ansvar, roller og forventningar knytt til bestilling og levering av slike tenester, er det tenleg å etablere ein samarbeidsavtale mellom Helse Vest Innkjøp HF og helseføretaka/Helse Vest IKT AS. Seinare i saka følgjer ei kort orientering om innhaldet i samarbeidsavtalen som no ligg føre.

Kommentarar

a. Etableringsaktivitetar

Etter stiftinga av føretaket i april 2015, starta styret i Helse Vest Innkjøp HF opp arbeidet med å planlegge innhald og organisering av føretaket. Alle leiarstillingane i føretaket blei lyst ut eksternt, og administrerande direktør og avdelingsleiarar blei rekruttert. Ein lukkast ikkje med å rekruttere alle avdelingsleiarane på permanent basis i den runden, og tre av fire avdelingsleiarar er derfor konstituerte i stillingane per i dag.

Det låg som ein føresetnad for etablering av Helse Vest Innkjøp HF at innkjøpsmedarbeidarane i helseføretaka skulle bli overført til det nye føretaket. Styret i innkjøpsføretaket sette dato for overdraging av verksemd til 1. november 2015. Gjennom våren, sommaren og hausten blei det gjennomført ei rekke aktivitetar for å førebu overdraginga. Dette var dels formelle aktivitetar (jf Arbeidsmiljølova sine krav knytt til

overdraging av verksemd) og det var praktiske aktivitetar knytt til det å etablere nye kontorplassar, IKT-system og anna.

Ein viktig del av førebuingane var å involvera medarbeidarane i den endringa som låg føre på ein god måte. Det blei arrangert tre fellessamlingar med alle medarbeidarane der informasjon om organisasjonsendringa blei gitt. Dei konserntillitsvalde var invitert på desse samlingane. Alle medarbeidarane fekk våren 2015 tilbod om deltaking i ulike arbeidsgrupper som skulle forme arbeidsprosessar i det nye føretaket. Informasjon om etableringsaktivitetane og status på desse var også tema på personalmøta i innkjøpsavdelingane i HFa.

Som ein del av etableringsaktivitetane blei modell for finansiering av føretaket utarbeid. Ei arbeidsgruppe, leia av Helse Vest RHF, laga ein førebels modell som er gjort gjeldande for 2016. Føretaket blir for 2016 finansiert etter denne to-delte modellen:


- Rammefinansiering (70 %): del som gjeld innkjøpsarbeid (anskaffingar, rammeavtaler, support etc.) som blir gjort på regionalt nivå og som gjeld alle helseføretaka.
- Timebasert finansiering (30 %): er knytta til lokale prosjekt, avtalar og enkeltanskaffingar. Nasjonale oppgåver samt oppdrag på vegne av HINAS vil bli dekkja av timebasert finansiering.

b. Organisering

Helse Vest Innkjøp HF har hovudkontor i Bergen, og har i tillegg kontor med tilsette på Nordfjordeid, i Førde, Haugesund og Stavanger.

Føretaket er organisert etter modellen som er vist nedanfor. Dei operative innkjøpsressursane er organisert i tre avdelingar, sortert etter innkjøpskategori; ei avdeling for innkjøp av medisinsk teknisk utstyr og IKT, ei avdeling for innkjøp av kirurgiske og medisinske varer og tenester, og ei avdeling som har ansvar for innkjøp av ikkje-medisinske varer og tenester (administrative varer og tenester).

Helse Vest Innkjøp HF



Den siste avdelinga (support, koordinering og utvikling) har mellom anna ansvar for å yta support og rådgivingstenester til helseføretaka knytt til bestilling av varer og tenester. Vidare har denne avdelinga analyse-ressursar for å hjelpe helseføretaka med innkjøpsanalyser (analyser av forbruk mv) og ressursar som etablerer elektroniske varekatalogar og forvaltning av leverandørregisteret. Den strategiske funksjonen knytt til arbeidet med miljø og samfunnsansvar er også lagt til denne avdelinga.

Helse Vest Innkjøp HF har i 2016 eit driftsbudsjett på 66 millionar kroner. Det er opphavleg budsjettert med 58 årsverk, men det er 54 årsverk i føretaket per i dag. Administrasjonen og styret gjer stadig vurderingar knytt til kapasiteten i føretaket. På kort sikt er det naudsynt å auke kapasiteten noko, særleg gjeld dette for avdelinga for MTU og IKT.

c. Prosjekter for å strukturere verksemda

Etter at medarbeidarane kom over i føretaket, har ein hatt fokus på å få ein samla oversikt over innkjøpsporteføljen i regionen, og få sett denne opp i ein samla plan. Dette arbeidet er ein viktig føresetnad for å lukkast med å lukke avvika frå internrevisjonsrapporten. Vidare har ein sett i gang fire interne prosjekt for å samordne den operative kapasiteten i føretaket, detaljera arbeidsprosessar og arbeide med gode samhandlingsflater med helseføretaka (kundane).

I samband med dette, har ein funne det tenleg å utforma ein samarbeidsavtale mellom helseføretaka og Helse Vest Innkjøp HF. Avtalen skal mellom anna avklare forventningar og roller mellom det einskilde føretak og Helse Vest Innkjøp HF, og den synleggjer kva tenester Helse Vest Innkjøp HF skal levere.

Det er tre hovudtema i samarbeids-avtalen:

- Tema knytt til samhandling, avgjerder og strategisk samarbeid
- Helse Vest Innkjøp HF sine plikter i avtalen
- Helseføretaka/Helse Vest IKT AS sine plikter i avtalen

Det er det enkelte helseføretak, ikkje Helse Vest Innkjøp som avgjer om at helseføretaket har eit innkjøpsbehov. Vidare legg samarbeidsavtalen opp til at det er direktørmøtet i Helse Vest som tek avgjerder knytt til årleg innkjøpsplan.

I tillegg er det strategiske samarbeidet mellom sjukehusføretaka og innkjøpsføretaket via merksemd i samarbeidsavtalen. Viktige strategiske tema i avtalen er:

- Miljø- og samfunnsansvar
- Innovasjon og leverandørutvikling (innovative anskaffingar)

- Beredskap (vareforsyning til sjukehusa)

Gjennom samarbeidsavtalen, blir Helse Vest Innkjøp HF gitt ei generell fullmakt til gjennomføre anskaffingar, inngå lokale avtalar og drive avtaleforvaltning på vegne av helseføretaka og Helse Vest IKT AS. Denne generelle fullmakta kviler på at Helse Vest Innkjøp HF gjennomfører innkjøpsprosessane etter dei felles arbeidsprosessane innan innkjøpsområdet som helseføretaka no er samde om. Desse prosessane er vurdert som «beste praksis»-prosessar.

Sjølv om fullmakta i prinsippet dekkjer alle avtaleområda, er det nokre unntak. Dette gjeld for Helse Stavanger og Helse Bergen, der avtalen ikkje omfattar avtalar innan entreprise og bygg. Vidare er heller ikkje avtalar innan legemiddelområdet omfatta av avtalen. Etablering av avtalar innan legemiddelområdet skjer gjennom Helseforetakenes Innkjøpsservice AS (HINAS), som er eit felles eigd innkjøpsselskap for helseregionane. Dette arbeidet vil fortsette i same form som før, og er altså ikkje omfatta av denne samarbeidsavtalen.

Alle anskaffingane som Helse Vest Innkjøp HF set i gang skal være basert på *behov* i helseføretaka. Vidare vil det alltid være fagpersonar frå helseføretaka med inn i den einsskilte innkjøpsprosessen. Oppgåva til desse fagpersonane er å spesifisere behova og delta under evaluering av tilboda som kjem inn.

Ein legg opp til at Helse Vest Innkjøp HF lagar ein årsplan for innkjøpa mellom anna for å kunne planleggje ressursar til dei ulike anskaffingane. Denne skal vera basert på dei behov for varer og tenester helseføretaka melder inn.

I samarbeidsavtalen er fullmakt til å signere dei regionale avtalane inntil vidare lagt til Helse Vest RHF.

Fullmakt til å signere avtalar på vegne av enkeltføretak blir gitt til Helse Vest Innkjøp HF. I det siste tilfellet skal det aktuelle helseføretaket godkjenne avtalen før den blir signert av Helse Vest Innkjøp HF.

Samarbeidsavtalen mellom det einsskilte føretak og Helse Vest Innkjøp HF er utvikla i tett samarbeid mellom partane. Avtalen har vore lagt fram for leiarmøte i Helse Vest RHF og skal og til det regional direktørmøtet for å sikre god forankring av avtalen.

Konklusjon

Helse Vest Innkjøp HF er etablert og godt i gang med å levere innkjøpsfaglege tenester av god kvalitet til helseføretaka. Ein har starta arbeidet med å lukke avvika frå internrevisjonsrapporten innan innkjøp og ein har kome langt på veg med å etablere kvalitetssikra arbeidsprosessar internt i føretaket. I løpet av kort tid vil samarbeidsavtalen mellom det einsskilte føretaket og Helse Vest Innkjøp HF bli underteikna.